



Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Vågå
Dato:	23.09.2024
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

PROGRAM - Synfaring og styremøte mandag 23.09.24

Kl. 09:30

Frammøte utanfor Villa Vågå Hotell i Vågå for samkøyring i privatbilar inn Finndalen , ca. 30 km.

Dei som køyrer over Slådalen kan evt møte opp på Vangen inst i Finndalen

Kl. 10:00-13:00

Synfaring i Finndalen

Vangen – køyrespor og erosjonssikring og flaumførebyggjande tiltak i Råkån. Vi går «Vangsrunda», ca. 4 km.

Tiltakshavar (Finndalsvegen), Lom kommune og leiar i Finndalen fjellstyre vil delta på synfaring i Finndalen.

Brettingen – køyrespor

Measæterøye – erosjonssikring, grusuttak, oppreinsking grøfter

Sterringen – erosjonssikring Finna

Lauvbecken - oppreinsking av bekkeløp etter flaum

Kl. 13:30-16:00

Styremøte på Villa Vågå Hotell

Terese og Inger Line må reise 16:00 for å rekke anna møte, men deltar over Teams i bilen dersom vi ikkje greier å halde tidsramma.

ST 46/2024 Orienteringar - stutt orientering frå forvaltarar om status for tiltak og prosjekt i Reinheimen 2024

Praktisk info:

Vi tek med enkel matpakke til alle i styret for synfaringa i Finndalen.

Ta med eiga drikke etter behov, og kle deg for å vera ute og gå i terrenget med gode sko og evt. regn- og vindtette klede, lue og vottar.

Det blir servert lunsj på Villa Vågå Hotell under styremøte.

Velkomne til synfaring og styremøte i Lom og Vågå!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 36/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 37/2024	Referatsaker		
	Orientering om planlagte arbeider - Reinheimen NP - biologisk kartlegg - Tordsvatn og områdene rundt - Tafjord Kraftproduksjon AS		2024/8322
	Høring - NOU 2024: 10 - ny motorferdsellov - lov om motorferdsel i utmark og vassdrag		2024/6396
	Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på verneforskrifta i Romsdalen LVO - ulovleg oppsatt utedo	X	2024/8258
	Re: Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på vilkår i vedtak i sak ...		2020/8174
	Tilbakemelding - aksept av avslag - Reinheimen NP - nedgraving av vannkum - Pyttbua - DNT Sunnmøre		2024/5117
	Uttale til kommunal planstrategi 2024-2027		2024/7800
	Uttale - Kommuneplan - Lesja - arealdel - 2024 - 2037		2024/7796
	Platning og trapp Bjøknesetra		2022/5323
ST 38/2024	Delegerte saker		
DS 42/2024	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2024 - plassering av båtar - Rååkvatnet - Fjellåkkertjønn - Arne Bergon		2024/493
DS 43/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2024 - 2026 oppsetting av lavvo i forbindelse med villreinjakt - Svein Arne Olsen		2024/8430
DS 44/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - drone - innsamling av brearkeologiske funn - Møre og Romsdal fylkeskommune		2024/8243
DS 45/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - 2024 - helikopter - Heimstevatnet - Djupdalen - Grønning - Stian Græsdal		2024/8248
DS 46/2024	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - helikopter - Friisbu - Billingen - DNT Sunnmøre		2024/8330
DS 47/2024	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - helikopter - Sagabue - Skjåk Almenning		2024/8351

DS 48/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - helikopter - plassering av ny bru over Tverråi - DNT Oslo og Omegn	2023/15515
DS 49/2024	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - 2024 - helikopter - øvelse med fallskjerm - landing ved Gravdehaug - Forsvarets spesialkommando	2024/9615
DS 50/2024	Delegert sak - Einstullie NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2026 - barmark - uttransport av felt elg og hjort - Skjåk Almanning	2024/6159
DS 51/2024	Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus frå Lauvsand og gruva ved Measæterøya til bruk på Finndalsvegen - Finndalsvegen v/ Hallgeir Vang	2024/8462
DS 52/2024	Delegert sak - endring av vilkår i sak xx/2021, 02.07.2021 - Tilbygg på Råkáhytta - Finndalen beite- og bruksrettslag	2020/4008
DS 53/2024	Delegert sak - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - oppføring av tilbygg / ombygging av hytte - Miriambu - Preben Sandborg Røe - Lesja Byggservice	2023/1083
DS 54/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2024 - utsetting av fjellgeitposter - Kvitberghytta - Vuludalen - Jehanstjønne - Åfåttjønnin - Skjåk IL v/ Simen Toven	2024/6692
DS 55/2024	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO 2024 - plassering av båt - Fjellåkkertjønn - Arne Bergon	2024/493
ST 39/2024	Uttale til høyring av planprogram - reguleringsplan Rauma - E 136 Flatmark -Marstein	2024/7864
ST 40/2024	Klage - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - avslag - motorferdsel - 2024 - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost	2024/4536
ST 41/2024	Finndalen LVO - Dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - sikringstiltak i Råkån, Finna og Lauva - Finndalsvegen SA	2024/9143
ST 42/2024	Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - oppføring av tilbygg og restaurering av fiskebu ved Storlusa - 159/1/120 - Kristin Skaansar	2024/9274
ST 43/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - oppsetting av forautomater for fjellrev - Norsk institutt for naturforskning NINA	2024/4894
ST 44/2024	Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - helikopter - oppgradering av dammen til nye Verma kraftverk - Langvatnet - Rauma Energi Produksjon AS	2024/7916
ST 45/2024	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - siktutbedring ved planovergang Myrabølykkja - Raumabanen - Bane NOR	2024/6852
ST 46/2024	Orienteringar	

ST 36/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 37/2024 Referatsaker
 Orientering om planlagte arbeider - Reinheimen NP - biologisk kartlegg - Tordsvatn og områdene rundt - Tafjord Kraftproduksjon AS
 Høring - NOU 2024: 10 - ny motorferdsellov - lov om motorferdsel i utmark og vassdrag
 Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på verneforkskrifta i Romsdalen LVO - ulovleg oppsatt utedo
 Re: Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på vilkår i vedtak i sak ...
 Tilbakemelding - aksept av avslag - Reinheimen NP - nedgraving av vannkum - Pyttbua - DNT Sunnmøre
 Uttale til kommunal planstrategi 2024-2027
 Uttale - Kommuneplan - Lesja - arealdel - 2024 - 2037
 Platning og trapp Bjøknesetra
ST 38/2024 Delegererte saker
 DS 42/2024 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2024 - plassering av båtar - Råkåvatnet - Fjellåkkertjønn - Arne Bergon 2024/493
 DS 43/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2024 - 2026 oppsetting av lavvo i forbindelse med villreinjakt - Svein Arne Olsen 2024/8430
 DS 44/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - drone - innsamling av brearkeologiske funn - Møre og Romsdal fylkeskommune 2024/8243
 DS 45/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - 2024 - helikopter - Heimstevatnet - Djupdalen - Grønning - Stian Græsdal 2024/8248
 DS 46/2024 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - helikopter - Friisbu - Billingen - DNT Sunnmøre 2024/8330
 DS 47/2024 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - helikopter - Sagabue - Skjåk Almenning 2024/8351
 DS 48/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - helikopter - plassering av ny bru over Tverråi - DNT Oslo og Omegn 2023/15515
 DS 49/2024 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - 2024 - helikopter - øvelse med fallskjerm - landing ved Gravdehaug - Forsvarets spesialkommando 2024/9615
 DS 50/2024 Delegert sak - Einstullie NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2026 - barmark - uttransport av felt elg og hjort - Skjåk Almenning 2024/6159
 DS 51/2024 Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus frå Lauvsand og gruva ved Measæterøya til bruk på Finndalsvegen - Finndalsvegen v/ Hallgeir Vang 2024/8462
 DS 52/2024 Delegert sak - endring av vilkår i sak xx/2021, 02.07.2021 - Tilbygg på Råkåhytta - Finndalen beite- og bruksrettslag 2020/4008
 DS 53/2024 Delegert sak - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - oppføring av tilbygg / ombygging av hytte - Miriambu - Preben Sandborg Røe - Lesja Byggservice 2023/1083
 DS 54/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2024 - utsetting av fjellgeitposter - Kvitberghytta - Vuludalen - Jehanstjønne - Åfåttjønne - Skjåk IL v/ Simen Toven 2024/6692
 DS 55/2024 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO 2024 - plassering av båt - Fjellåkkertjønn - Arne Bergon 2024/493



Arkivsaksnummer: 2024/7864-6

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	39/2024	23.09.2024

Uttale til høring av planprogram - reguleringsplan Rauma - E 136 Flatmark -Marstein

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har følgjande innspel til planprogrammet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er vernemynde for Romsdalen landskapsvernområde der delstrekning 1 og delar av delstrekning 2 i planområdet ligg i verneområdet. Ei vegutbygging her krev dispensasjon frå verneforskrifta, og det må sendast ein søknad som skal behandlast av Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Denne høyringsuttala baserar seg på informasjonen gjeve i planprogrammet for E136 Flatmark-Monge-Marstein datert 28.06.2024. I denne høyringa har vi kun tatt for oss delområde 1 og 2 som ligg i Romsdalen landskapsvernområde og vi kommenterer difor ikkje delområde 3.

- **Val av alternativ 1a**

Nasjonalparkstyret er einig i at alternativ 1a (utvikle ny veg ved å bruke mest mulig av eksisterande veg og utfordre krav) tas med vidare til planprogrammet og at alternativ 1b (utvikle ny vei ved å bruke mest mulig av eksisterende vei – ikke utfordre krav) og alt 2 (utvikle ny vei ved å gå i nytt terreng, ikke utfordre krav) forkastast for delstrekning 1 og 2. Ved å utfordre krav (bl.a. smalare veg) og nytte mest mulig av eksisterande trase kan ein redusere arealbeslaget og tap av natur. Alternativ 1a har mykje lavare konflikt med landskapsverdiane og naturverdiane enn alternativ 1b og 2 og bør difor være det einaste alternativet ein skal utrede vidare innanfor verneområdet.

- **Naturmangfald i veiplanlegginga**

Det er fleire førekomstar av framande og skadelege artar på strekinga. I samband med vegutbygginga bør NINAs vegleder «Hensyn til naturmangfold i veiplanlegging» frå 2023 fylgjast. I staden for å forverre landskapsbiletet og den økologiske verdien i området ved ei vegutbygging kan ein nytte seg av anleggsarbeidet for å forbetre det biologiske mangfaldet og ikkje forringe landskapsbiletet. Alle uønska artar bør fjernast og vegkantane med stedefegen vegetasjon bør revegeterast. Ein bør og utrede mogleheiten for å tilbakeføre den gamle vegsløyfen ved Kjerkjeura til natur.

- **Tekst i planprogrammet:**

I kapittel 2.1 om vegstrekninga, bør det omtalast at store delar av vegstrekninga ligg innanfor Romsdalen Ivo.

I kapittel 2.3.8 bør også jakt og bær/soppsanking omtalast som viktige friluftaktivitetar i området.

Kapittel 33 Overordnet om mål for strekning

Vi saknar her eit mål om bevaring av naturmiljø og landskapsbilete. Eit av dei overordna måla bør være at *landskapsbiletet og naturmangfaldet etter vegutbygginga ikkje har fått redusert verdi, heller auka verdi pga val av trase, fjerning av fremmedartar og naturrestaurering av vegkantar*. Store delar av vegutbygginga går igjennom eit landskapsvernområde med verna elv og heile strekninga er foreslått som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det er difor naturleg at bevaring av desse verdiane ligg inne som eit av dei overordna måla for strekninga (jmf. måla i NTP 2025-2036).

Kapittel 4.4 Verneplaner

Overskrifta Romsdalen/Dalsida landskapvernområde kan endres til kun Romsdalen landskapsvernområde, da det er kun dette verneområdet som blir berørt i denne planprosessen.

Kapittel 6.2 Videre optimalisering og detaljering

Som forvaltningsmynde for store delar av strekninga er det viktig at nasjonalparkstyret blir godt involvert i vidare prosess. Vi har tidlegare opplevd at nasjonalparkstyret er utelatt frå invitasjonar til møter der vi burde blitt invitert. Ila 2024 har vi konstituert eit nytt nasjonalparkstyre der nokre av medlemmane ikkje har same kjennskap til vegplanane i dette området som førre styret hadde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ønskjer å ha ein god dialog vidare med Nye veier og at det nye nasjonalparkstyret (2024-2028) blir invitert på synfaring i området før høyring av reguleringsplan.

Kapittel 6.2 om optimaliseringsfasen.

Naturbaserte løysingar og revegetering bør være med som eit av punkta det skal jobbes med.

Kapittel 7 konsekvensutredningen

Vi ber om at NINA rapporten (*Hensyn til naturmangfold i veiplanlegging 2023*), også legges til grunn i den vidare planprosessen.

For å vurdere konsekvensane av arealbeslag, er det avgjerande å vite kva for areal som finns før utbygginga, kva for funksjonar desse areala har, kordan den økologiske tilstanden i desse areala er, goder desse areala gir og kva for effekt arealbeslag vil gje. Gode kartleggingar og utgreiingar for eit godt kunnskapsgrunnlag og beslutningsgrunnlag er difor naudsynt.

Det er viktig at alternativa blir visualisert i konsekvensutgreiinga for å synleggjere korleis vegalternativa vil sjå ut i landskapet.

--- slutt på innstilling ---

Dokumente i saka

- Sak 2019/7272 Rauma - reguleringsplan - E136 Flatmark - Monge – Marstein
- Alternativstudie E136 Flatmark-Monge-Marstein 16.05.2024
- Planprogram for E136 Flatmark-Monge-Marstein 28.06.2024
- Nettside: [E136 Flatmark-Marstein \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

Saksopplysning


Reinheimen nasjonalparkstyre mottok høringsbrev til nasjonalparkstyret for Reinheimen datert 03.07.24 frå Asplan Viak på vegne av Nye Veier, med varsel om oppstart av reguleringsplan og høring av planprogram for E136 Flatmark-Marstein.

Frist for høringa var sett til 13.09.2024, men Nasjonalparkstyret fekk utsatt frist for uttale til etter nasjonalparkstyremøtet 23.09. Prosjektleder ba om rask tilbakemelding frå nasjonalparkstyret rett etter styremøtet.

Planprogrammet gir ei innføring i føremålet med planarbeidet, kva alternativ som skal utgreiast og kva tema som er aktuelle å beskrive/utgreie for å gi eit godt avgjerdsgrunnlag. Planprogrammet skildrar i tillegg korleis planprosessen skal gå føre seg, samt opplegg for medverknad og informasjon. Planprogrammet er lagt ut til offentlig ettersyn saman med varsel om oppstart av planarbeid. Planprogrammet skal deretter vedtakast av Rauma kommune med eventuelle endringar som følgje av innkomne merknader.


I samband med planarbeidet er det utarbeidd ei alternativutgreiing som skildrar kva alternativ som er forkasta og kva ein har valt å gå vidare med til planprogrammet. Alternativutgreiinga følgjer planprogrammet som eit eige vedlegg. Alle dokument finn ein her: [E136 Flatmark-Marstein \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

Alternativer for hele planområdet



Figur 1: Viser dei ulike alternativa på dei ulike delstrekningane og kor grensa for Romsdalen lvo går.

Alternativ for delstrekning 1



Figur 2: Viser dei ulike alternativa for delstrekning 1. På denne strekninga går alle alternativa på ein litt anna trase enn eksisterande veg.

Samanstilling av konfliktnivå for miljøfaga og måloppnåing for alle strekningane

Vurdering konfliktnivå for miljøfagene									
	Delstrekning 1 Flatmark-Skiri			Delstrekning 2 Skiri-Monge			Delstrekning 3 Monge-Marstein		
	Alt. 1a	Alt. 1b	Alt. 2	Alt. 1a	Alt. 1b	Alt. 2	Alt. 1a	Alt. 1b	Alt. 2
Landskap	Middels	Stort	Stort	Noe	Middels	Noe	Middels	Middels	Noe
Naturmangfold	Stort	Stort	Stort	Middels	Stort	Stort	Middels	Middels	Noe
Kulturmiljø	Noe	Middels	Stort	Middels	Stort	Middels	Stort	Stort	Noe
Friluftsliv	Ubetydlig	Noe	Middels	Ubetydlig	Noe	Noe	Noe	Middels	Middels
Naturressurser	Noe	Noe	Middels	Noe	Noe	Middels	Noe	Noe	Middels
Vannmiljø	Stort	Stort	Stort	Noe	Middels	Noe	Ubetydlig	Ubetydlig	Ubetydlig
Samlet konfliktpotensial	Stort	Stort	Stort	Middels	Stort	Middels	Stort	Stort	Middels
Rangering	1	2	3	1	3	2	2	3	1
Vurdering av måloppnåelse for valgte kriterier									
	Delstrekning 1 Flatmark-Skiri			Delstrekning 2 Skiri-Monge			Delstrekning 3 Monge-Marstein		
	Alt. 1a	Alt. 1b	Alt. 2	Alt. 1a	Alt. 1b	Alt. 2	Alt. 1a	Alt. 1b	Alt. 2
Trafikksikkerhet	God	God	God	Middels	God	God	God	God	God
Framkommelighet	God	God	God	God	God	God	God	God	God
Forutsigbarhet	Lav	God	God	Middels	God	God	God	God	God
Klimagassutslipp og arealbeslag	God	Lav	Lav	God	Middels	Lav	God	Middels	Lav
Samfunnsnytte	God	Lav	Middels	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
Kostnader	God	Lav	Middels	God	Middels	Lav	God	Middels	God
Rangering	1	3	2	1	2	3	1	2	1

Figur 3: Samla vurdering - konfliktpotensial og måloppnåing for alle delstrekningane. (S 28 i Planprogram for E 136 Flatmark-Monge-Marstein)

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Føremålet med Romsdalen landskapsvernområde (§ 2) er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
 - ta vare på innslap av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
 - ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotn med Rauma elv
 - ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området
- Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

I følgje verneforskriften § 3, pkt. 1.1 er området verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Unntak til pkt. 1.1. er lista opp i forskrifta § 3, pkt. 1.2. og 1.3. Det som er relevant for E136 er lista opp nedanfor.

Pkt. 1.2. definerer kva reglane i 1.1. ikkje er til hinder for:

- b) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, jernbane, anlegg og andre innretningar (...). Eksisterande vegar og andre anlegg kan haldast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde.
- c) Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplanen.

Pkt. 1.3. definerer kva forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- m) Omlegging og opprusting av jernbane, riksveg/europaveg, og teleinstallasjonar, samt annan infrastruktur i sone B.
- o) Masseuttak og -deponering i sone B.

Forvaltningsplan

Tiltaka omtalt over er nærare skildra i forvaltningsplan for Reinheimen (2010).

Jernbane og europaveg §3, pkt. 1.3. m

Jernbana og europavegen må følgje eksisterande trasé gjennom landskapsvernområdet. Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstille krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillastast etter søknad. Det er spesielt viktig at ein tek omsyn til eleveløpet og bevaring av dette jfr. verneformålet i sone B, og til at område utan større tekniske inngrep skal bli skjerma mot nye utbyggingar.

Nye vegar § 3, pkt. 1.1 og 1.3.

Det er ikkje opna for å byggje nye vegar i landskapsvernområdet.

Planområdet innanfor Romsdalen landskapsvernområde har viktige natur- og kultur- og geologiske verdier som ligg til grunn for vernet. Verneplan og forvaltningsplan for Reinheimen omtalar Romsdalen som eit nasjonalt viktig kulturlandskap med viktige slåtteeenger og naturbeitemarker. Kulturlandskapet i området har høg grad av biologisk mangfald som følgje av dei ekstensive driftsmåtane i landbruket. Omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal vektleggast. Vurdering av verdiane i verneplanen (dok 4) omtalar geologiske verneverdier til Skiri-Flatmark som spesielt i norsk samanheng. Rike edellauvskogar på Flatmark-Skiri er spesielt nemnd.

Biologisk mangfald (s. 103):

For tema *Biologisk mangfald og verdifulle naturtypar* listar forvaltningsplanen opp område spesielt viktige område med verdivurdering for ulike raudlisteartar, der følgjande ligg innanfor planprogrammet (s. 103):

- Ryggvatna (A) – gammal barskog
- Skiri (B) - gammal furuskog, truleg med ein god del tre eldre enn 100 år
- Skiri (B) - Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti
- ved Bjønnahølen (B) - Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti
- Skirimoen-Kyrkjeura (B) - Gammal lauvskog

Retningslinjer i forvaltningsplanen for biologisk mangfald stadfestar:

Omsyn til område viktig for biologisk mangfald § 3. pkt 2.1, 2.2, 2.3, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtyper ved prioritering av tilretteleggingar og søknader om tiltak i landskapet.

Kulturminne (s. 102-103):

7.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Romsdalen er svært rik på kulturminne knytt til ferdsel og annan bruk av området. I Romsdalen er det gjort rike gravfunn. På Horgheimseidet ligg det ein øydegard frå jernalderen og eit gravfelt med meir enn 100 gravhaugar. Kors gamle kyrkjegard er eit nyare tids kulturminne som blir tilrettelagt for besøkande. Eit vaskehus/naust på Flatmark i Rauma er ivareteke. Dette er det einaste som er igjen av denne typen i området. Gamle vegfar er vanskeleg å tidfeste, men har lange tradisjonar. Romsdalen har vore ei viktig ferdselsåre mellom Aust- og Vestlandet gjennom alle tider. Gjennom heile dalen er det restar etter gamle vegfar. Den gamle kongevegen gjekk oppover i dalen og er framleis tydeleg mange stader. Særleg er vegstykket oppi Bjørnekleiva kjent.

Friluftsliv (s. 91):

7.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Store delar av Rauma kommune generelt og området innafor Romsdalen landskapsvernområde spesielt er registrert som internasjonalt viktig friluftsområde. Denne vurderinga er basert på eit eineståande og særprega vakkert natur- og kulturlandskap. I dalbotnen er det også grov blokkmark, og på Skiri er det eit buldfelt som er internasjonalt kjent.

Rauma elv er ein del av verneformålet for Romsdalen landskapsvernområde og omtalt under tema friluftsliv: *Rauma elv med ein variert vassdragsnatur har i lang tid vore kjend som ei svært god og attraktiv laks- og sjøareelv, som også blir nytta til padling. Både elva og vassdragsnaturen er storslått og variert.*

Reiseliv (s. 93):

7.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Reiselivet i området er basert på aktivitetar knytt til friluftslivet, slik som fotturisme, klatring, jakt og fiske (jf. avsnitt 7.4 om friluftsliv). Natur- og kulturlandskapet har også nasjonale verdiar. Saman med stor ferdsel langs E 136 gjennom Romsdalen bør dette gi gode føresetnader for næringsutvikling innan reiseliv både i hovuddalføret og i Brøstdalen. Området blir marknadsført og brukt i samband med kommersielle aktørar på Åndalsnes.

Forvaltningsplanen for Reinheimen utdjuvar masseuttak i Romsdalen landskapsvernområde (s. 101-102), jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.2. c:

Innafor landskapsvernområdet er det forbod mot uttak, mellomlagring og deponering av massar.

Retningslinjer spesielt for Sone B, jf. § 3, pkt. 1. 3. o, definerer stader godkjent for masseuttak. Vidare er det omtalt at forvaltningsmyndet etter søknad kan godkjenne stader for masseuttak til vedlikehald av eksisterande vegar, og vidare retningslinjer for slike tiltak. Det er presisert at det *ikkje kan gjevast løyve til deponering, mellomlagring eller masseuttak i eller like ved kulturminne. Det er heller ikkje høve til å deponere masse i vassdrag eller strandsona.*

Konklusjon.

Planområdet innanfor Romsdalen landskapsvernområde har viktige natur-, kultur- og geologiske verdiar som ligg til grunn for vernet. Verneplan og forvaltningsplan for Reinheimen omtalar Romsdalen som eit nasjonalt viktig kulturlandskap med viktige slåtteeenger og naturbeitemarkar. Kulturlandskapet i området har høg grad av biologisk mangfald som følgje av dei ekstensive driftsmåtane i landbruket. Omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal vektleggast. Fjellskred ved Skiri – Flatmark er spesielt verneverdig i norsk samanheng. I forvaltningsplanen for Reinheimen Nasjonalpark, er kampesteinane ved Skiri-Flatmark utheva som eit av 12 viktige verneverdige element. Rike edellauskogar på Flatmark-Skiri er og spesielt nemnd.

Det var i verneprosessen tatt høgde for at vegen skulle kunne forbeholdast og det står difor i forvaltningsplanen at jernbana og europavegen må følgje eksisterande trase gjennom landskapsvernområdet.

Nasjonalparkstyret har ved fleire anledningar komme med uttale til tidlegare alternativ i arbeid med planprogrammet E- 136 Flatmark-Monge då Statens vegvesen hadde oppdraget.

Nasjonalparkstyret ba då om at tidlegare godkjente reguleringsplanar frå 2003 og 2008 vart lagt til grunn, der oppgradering av vegen stort sett følgjer eksisterande trase, utan for mykje inngrep i natur, geologi, kulturlandskap og landskapsbilete. Å utvikle ny veg ved å bruke mest mulig av eksisterande veg og utfordre krav har vært hovudbudskapet til nasjonalparkstyret. Vi er difor glad for at alternativ 1a, som føre til færre terrengendringar enn dei øvrige alternativa og kjem landskapsmessig vesentleg betre ut enn alt 1b og 2, er det alternativet Nye veier konkluderar å gå vidare med.

Men også alternativ 1b vil utfordre natur og landskapskvalitetane i området. Vi har difor tatt med fleire innspel i uttala for at dette skal bli teke omsyn til, både i prosessen og som skadeførebyggjande og naturbaserte tiltak.



Arkivsaksnummer: 2024/4536-9

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	40/2024	23.09.2024

Klage - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - avslag - motorferdsel - 2024 - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i forvaltningsloven § 33 opprettheld Nasjonalparkstyret for Reinheimen avslag på søknaden frå Sissel Rogne og Ola Myklebost om å auke tal turar med motorferdsel frå 25 til 40 turar pr år til Muldalsgarden.

Det påklagede vedtaket på avslag om å få endra tal motorferdselturar frå 25 til 40 turar er vurdert. I klaga er det ikkje lagt fram nye opplysningar som er av ein slik art at vedtaket datert 10.06.2024 burde endrast.

Saka blir sendt til Miljødirektoratet for endelig avgjersle.

Ved større restaureringsprosjekt der behovet for ekstra køyring er nødvendig, kan det søkes spesielt om dette.

Klaga kom 27.06.2024 og er sendt innafor frista på 3 uker.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Sissel Rogne og Ola Myklebust sendt 18.08.2021
- Delegert sak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021 -2025 – barmark 30.08.2021
- Søknad frå Sissel Rogne og Ola Myklebust sendt på e:post 08.04.2024.
- Styrevedtak- Nasjonalparkstyret for Reinheimen, 10.06.2024- 2024/4536 – 6
- Klaga frå Sissel Rogne og Ola Myklebust datert 27.06.2024.

Saksopplysningar

18.08.2021 søkte Sissel Rogne og Ola Myklebust om motorferdsel i 10 år på Muldalsvegen. Det vart gitt eit delegert vedtak med dispensasjon på 35 turar pr år for 2021 og 2022 for å kunne restaurere grindløa og 25 turar pr år for 2023 tom 2025. I tillegg fekk dei løyve til 5 turar per år for motorferdsel i samband med vegvedlikehald for perioden 2021 – 2025.

06.05.2024 kom det ein ny søknad om å auke tal turar pr år frå 25 til 40 turar.

Søknaden

Takk for sist, og for løyver for 25 turer på vår egen gardsveg hvert år, men som du ser av fjorårets rapport er dette for snaut. Slik vi ser det er antallet ikke faglig begrunnet. Det er ikke påvist noen betydning av disse turene for verneverdiene i reservatet, tvert i mot er kjøring med atv-traktor av mindre betydning enn de ca 2000 turgåere på veien. I motsetning til disse er våre turer påkrevet for bruk og ivaretagelse av bygninger og kulturlandskap, noe som bør vektlegges ved tildeling av dispensasjon. Vi betaler Veglaget 100 kr for hver tur, så det er ingen grunn til å tro at vi foretar unødvendige turer. I år kommer vi også i større grad til å ha kontor på Muldal, slik at vi også kan fortsette restaurering av gård og jorder og bla. får lagt inn strøm i låven. Derfor blir transportbehovet større. Vi søker derfor om løyve til opptil 40 turer de neste 5 årene.

Rapport frå 2023

Tiltakshavar: Sissel Rogne og Ola Myklebost				
Adresse: Georgernes Verft 24, 5011 Bergen				
Telefonnr: 90087139				
E-postadresse: olamyklebost@mac.com				
*ALLTID OPPGI SAKSNR. OG ÅRSTALL				
*Saksnr.: 2021/8868-2.432.4				
*Ar: 2023				
Dato	Køyrerute	Oppdrag	Leigekøyrar	Merknader
Mai	Muldal-Muldalsvika t/r	Varetransport	-	6 turer
Juli	Muldal-Muldalsvika t/r	Varetransport	-	12 turer
Okt	Muldal-Muldalsvika t/r	Varetransport	-	6 turer
2023:	Til sammen			24 turer

25 turar opp Muldalsvegen er 10 turar meir enn dei andre brukarane på Muldalsvegen har fått og med ein søknad om å auke dette til 40 turar, vart det bestemt å behandle saka som ein styresak.

I styremøte 10.06.2024 vart det gitt følgjande vedtak:

Med heimel i naturmangfoldloven § 48, verneforskrift for Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 bokstav d) og verneforskrift for Muldalslia naturreservat § 3, punkt 4, får Sissel Rogne og Ola Myklebust avslag på søknaden om å utvide tal turar med ATV til 40 turar dei neste 5 åra.

27.06.2024 kom det ein klage på vedtaket.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Muldalslia naturreservat

Formålet med fredinga er å ta vare på ei svært artsrik varmekjær lauvskogsli med det naturlege plante- og dyrelivet.

§ 3 punkt 4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. § 4 Reglane i § 3 unntatt nr. 4 er ikkje til hinder for:

- 2. Vedlikehald av faste innretningar, traktorveg og stigar som er i bruk på fredingstidspunktet.*
- 3. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.*
- 4. Jakt.*

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- 1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 2, nr. 4 og nr. 7 bokstavene a og c og § 5 nr. 2.*

Tafjorden – Reindalen Ivo:

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden.

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Vernereglar: Punkt 5.1 Motorferdsel på land og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

Punkt 5.2 Reglane i punkt 5.1 er ikkje til hinder for: d) Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar. f) Bruk av lette beltegåande køyretøy i samband med felt elg og hjort under skoggrensa, når det ikkje er fare for terrengskade.

Forvaltningsplan

Muldalslia naturreservat 4. Nødvendig vedlikehold av vegen opp til Muldal er tillatt og ønskelig. Dette inkluderer bl.a. påfylling av grus, rensking av stikkrenner, overvåking og reparering av stikkrenner og steinmurer, rydding av kvist og stammer som faller over stien. Hogst av trær utenfor vegen er likevel ikke tillatt, annet enn trær det er grunn til å anta kan gjøre omfattende skader på vegen når de faller over ende. Vedlikeholdet skal gjennomføres slik at det ikke fører til unødvendig skade av utlagte prøveflater, jfr. også punkt 7. 5. Motorisert ferdsel er forbudt, med unntak jfr. § 5 punkt 1 i forskrifta. Hvis det skulle oppstå

tilfeller av ulovlig ferdsel på vegen opp til Muldalslia, skal det plasseres en bom nederst på vegen, slik at bare lovlig ferdsel kan gjennomføres. 6. Ingen døde trær kan ryddes vekk, men skal ligge i ro på stedet (med unntak jfr. punkt 4).

Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde Motorferdsel langs køyrespor §3 pkt. 5.3, d Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til nødvendig køyring langs køyrespor for traktor frå Muldalen til Muldalsetra og Skjegghammaraen, jf temakart nr 2, i samband med frakt av materialar, brensel og utsrtyr til hytter eller buer, samt i samband med lovleg hogst i området. Forvaltningsstyresmakta skal ikkje gje slikt løyve viss edt er til varig skade på terrenget eller på annan måte er til skade for verneverdiane i området.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. **Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.** – *slette dersom det ikkje er byggesak*

Vurdering

Avslaget på søknaden om 40 turar er etter nasjonalparkforvalteren sin vurdering behandla basert på eksisterande kunnskap, gjeldende verneregler i verneforskriftene, retningslinjer i forvaltningsplanen samt miljørettsprinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12.

Det klages på eit avslag om å auke tal turar frå 25 turar til 40 turar opp Muldalsvegen som går gjennom Muldalslia naturreservat og vidare inn i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.

Det er ulike reglar som gjeld motorferdsel i dei ulike verneområda på vegen. Når det gjeld transport av varer og material til hus og setrene, finns det ikkje heimel i forskrifta for naturreservatet til dette. I forskrift for landskapsvernområde, har vi heimel for å gje løyve til dette. For bruk av motorferdsel i samband med vedlikehald av veg og utfrakting av hjortevilt i jakta, treng vi ikkje heimel for dette i landskapsvernområdet, medan ein må søkje om løyve til dette i reservatet.

I vurderinga frå vedtaket om avslag for å auke tal turar står det: *Sissel Rogne og Ola Myklebost har tidlegare fått løyve til 25 turar per år tom 2025 (delegert sak 2021/8868). Dette er 10 turar meir enn dei som har seter/hytte lenger inne i Muldalen på Muldalssetrene har fått. Grunnen til at Sissel Rogne og Ola Myklebost har fått fleire turar, er størrelsen på husa som gjer at det trengs meir vedlikehaldsarbeid. Turane skal difor dekke å transportere verktøy, varer og materialar. Ved god planlegging bør 25 turar være nok ved alminneleg vedlikehald og arbeid med garden. ATV kan kun nyttast på barmark og ila barmarksesongen (eks frå juni tom oktober) har dei 5 turar per måned! Skal eigarane til med større prosjekt, kan det søkes om ekstra turar i samband med dette.*

Punkt 1 saksbehandling og saksframlegg

Søkarane hevdar at saksframlegget er fullt av feil og det står at *«blir fremstilt som personer som sitter og hygger oss «på hytta» og verken kan planlegge feriene våre eller transport opp til gården».[...] «Videre blir det fremhevet at bruk av hjemmekontor er problematisk fordi det kan føre til at vi er mer på gården».*

En av grunnene til at denne søknaden ble satt til styresak og ikke tatt delegert var ordlyden i søknaden: *«I år kommer vi også i større grad til å ha kontor på Muldal, slik at vi også kan*

fortsette restaurering av gård og jorder og bla. får lagt inn strøm i låven. Derfor blir transportbehovet større. Vi søker derfor om løyve til opptil 40 turer de neste 5 årene.»

Det er ikkje problematisk for verneområdet om hytta blir nytta til heimekontor og det er sjølvsagt positivt at kulturmark og at bygningane blir vedlikehaldt. I vurderinga frå 10.06.2024 står det: *Det er dei siste åra blitt ein trend å ta med seg kontorarbeidet heim eller på hytta. Ved meir bruk av fritidsstaden sin er det sannsynleg at det kan bli meir behov for transport. Eit vedtak som gjer søkjar meir motorferdsel pga av at fritidsboligen vil bli hyppigare brukt, ken gje stor presedensverknad i eit verneområde med mange hytter (for verneområda tilknytta Reinheimen NP er det over 200 hytter og seterhus).*

Denne søknaden vart difor ei prinsippsak for nasjonalparksstyret. Vi kan ikkje gje meir motorferdsel pga meir bruk av fritidhus/hytte. Om det er spesielle tiltak som skal til på garden (skifte tak, kledning osv) kan det søkes om fleire turar i samband med dette.

I klagen nederst s.2 står dette: *Det faktum som ikke kommer frem er grunnen til at vi trenger 40 turer, altså mer enn de «200 hyttene» som ikke restaurerer gårder. Dette arbeidet er hittil utført i feriene som vi sprer gjennom året. Fordi håndverkere har fellesferie er det svært nyttig med hjemmekontor for å kunne være til stede på hverdager og frakte disse opp til gården med utstyr og komponenter, ellers kommer de ikke. Vi ser derfor med indignasjon at det underslås gjennom hele saksbehandlingen at vi holder på med restaurering av gård, uthus, hage.*

Det er tatt høyde for at det trengs mer motorferdsel til Muldalsgarden enn til andre seterhus/hytter. Det er ingen fritidhytter i verneområdet som har fått så mange turer som 25 turar kvart år og dette er pga størresen på bygningane. Restaurering av gard blir ikkje underslått, men presisert at *«Skal eigarane til med større prosjekt, kan det søkes om ekstra turar i samband med dette».*

Dei 25 turane er gitt til *Nødvendig barmarktransport av ved, materialar eller varer til hus/gard.* For restaureringsprosjekt må dette søkes om i tillegg.

Punkt 2 Heimelsgrunnlag

Søkjarane spør om relevansen til å nytte forvaltningsplanen for Reinheimen, når grensa mot nasjonalparken går 3 km lenger inn. Forvaltningsplanen for Reinheimen NP tar også for seg Tafjorden – Reindelan lvo s 53 – 67, så denne må forvalter ta med i sin sakshandsaming.

Søkjarane skriv og at forvaltningsplana for Muldalen naturreservat ikkje legg nokon føringar utover det forskriften bestemmer.

I forvaltningsplana for Muldalen blir det oppfordra til vegvedlikehald, noko søkjarane har fått motorferdselløyve til. Det står og at motorisert ferdsel er forbudt og at om det oppstår tilfeller av ulovleg ferdsel skal det settes opp bom nederst på vegen. Forvalter og SNO har fått tips om for mykje ATV køyring på Muldalsvegen og mistanke om ulovleg køyring. Det er mange brukarar av Muldalsvegen og det er viktig at bruken av motorisert ferdsel på denne vegen som det trengs mykje vedlikehald på, begrensa.

Det blir i klaga presisert at søkjarane krev 40 turar for å kunne ta vare på kulturlandskapet og vedlikehalde garden. Det kjem ikkje fram meir kunnskap i klaga på kva dei spesifikt treng transport opp Muldalslia til. I køyrerapporten står det kun spesifisert varetransport som behov, og dato for turane er heller ikkje spesifisert. Køyreboka skal eigentleg være utfylt før kvar tur og has med i køyretøyet.

3 Verneforskriftene

Søkjer skriv at *Den vesentlige svakhet vi har påpekt ved forskriften for Muldalslia er at nødvendig kjøring til gårder og setre ikke er tatt inn blant de akseptable formålene for motorferdsel, mens ymse bruk for andre en veiens eier er nevnt og vektlegges.*

Det er i vedtaket frå 2021 tatt høgde for at det ikkje er heimel i forskrift for Muldalslia naturreservat til motorferdsel for å frakte varer og materiale opp Muldalslia. Det er i vedtaket om å gje 25 turar opp til Muldalsgarden difor tatt i bruk naturmangfoldloven § 48, og vurdert dette gjennom miljørettsprinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12.

Det er gitt løyve til 25 turar med heimel i NML § 48, så klagebehandlinga må vurderast ut frå faktum at søkjarane fekk avslag på å auke tal turar frå 25 til 40.

Det er klart at di meir motorferdsel di meir forstyrning blir det både for dyreliv og for turfolk. I verneområda skal difor motorferdsel avgrensast. Om det er mykje forstyrning for dyrelivet med tal turgåere er ikkje relevant i denne saka. Bruk av motorferdsel i samband med vedlikehald har dei løyve til.

Då det ikkje er lagt fram nye opplysningar for kva behovet er for å auke tal turar frå 25 til 40 pr år, og at søkjarane ved større restaureringsprosjekt kan søke om motorisert ferdsel i samband med dette, blir klaga ikkje tatt til følgje.

Sissel Rogne og Ola Myklebost
Muldal bruk nr 1, 6210 Valldal
Georgernes Verft 24, 5011 Bergen

Saksnr 2024/4536

Til Miljødirektoratet

Bergen 27/6-24

Klage på avslag på kjøretillatelse på egen gårdsvei.

Ang: reell mulighet for å restaurere verneverdig gård og drive landskapsvern i Muldalen.

Saken gjelder kjøring på en flere hundre års gammel vei, ca. 2,5 km lang, opp til to gårder som var i helårsdrift frem til 1957. Det har lenge vært en offentlig vei inntil for gårdene og setersameiet, som ligger ytterligere ca 2,5 km videre langs sti inn i Muldalen. Veien tar oss opp 370 høydemeter gjennom 13 hårnålsvinger fra fylkesvei 92 og opp til de to Muldalgårdene som ligger ytterst i hendedalen, rett ved Muldalsfossen som stuper 190 m ned i et fossejuv¹. Gårdene er kategorisert som verneverdige kulturminner av regional verdi². Veien har vært livsviktig ferdselsåre for gården, men også for en omfattende seterdrift, der det inntil nylig har vært sauehold. Gårdene kan spores skriftlig tilbake til år 1503. Veien er meget smal og bratt, og kun mulig å kjøre med små traktor/ATV med tilpasset henger.

Veien går gjennom Muldalslia naturreservat, som er vernet gjennom egen forskrift som i utgangspunktet fratar gården enhver kjøring på egen gårdsvei, til tross for at dette er eneste vei dit opp, og ignorerer det faktum at både veien og naturreservatet eies av gårdene. Vi har tidligere påklaget dette og bedt direktoratet revidere forskriften på dette punkt, men saken fikk ingen realitetsbehandling til tross for at den også ellers er dårlig utformet.

Da vi kjøpte gården for 12 år siden, hadde vi idet minste fri kjøring på veien 10 år av gangen. Etter dette har Nasjonalparkforvaltningen for Reinheimen overtatt forvaltningen, og innført et strengt regime der vi bare får tildelt et begrenset antall turer og må føre detaljert logg over alle turer som må rapporteres og sjekkes av dem. Vi har hatt en løpende dialog med dem om de problemer dette skaper, men møter bare argumenter som «vi må ha det slik, for det har vi gjort andre steder», og at «motorferdsel kan virke forstyrrende på dyrelivet». Nytt denne gang er at kjøringen kan slite på veien og skape mer behov for vedlikehold, og at ATV benyttes, som sliter enda mer på veien. Ikke nok med dette, det blir fremhevet at arbeidet forstyrrer de mange som bruker veien vår opp til gårdene. I turboken ved brua vår er det over 2000 registrerte besøkende per år, men det reelle antallet er nok betydelig større. Når vi møter folk under dugnaden, er de begeistret for at vi ivaretar veien og gårdene slik at de har hyggelige opplevelser og en vei som er trygg og god å ferdes på. Vi får også bidrag på til sammen flere tusen kroner til vedlikeholdet med VIPPS. Veien holdes for

¹ Se Muldalen.no

² Se informasjon i [Kulturminnesøk](#)

gårds og seterdrift, ikke som et museumsobjekt slik man nå har inntrykk av skal være formålet. Det omfattende arbeidet som må gjøres spesielt på våren er på grunn av det store vannmassene som graver ut veien enkelte steder (bilde). På høsten har vi en dugnad for å rydde grøfter for løv slik at vi er klare for vårens ødeleggelser.



1. Saksbehandlingen og saksfremlegg

Vi finner at saksfremlegget er fullt av feil, både når det gjelder faktum og vurderingskriterier. Vi blir fremstilt som personer som sitter og hygger oss «på hytta» og verken kan planlegge feriene våre eller transport opp til gården. Dette medfører uttalelser som at «*med god planlegging bør det greie seg med 5 turer i måneden!*» (vår kursivering). Videre at vårt spesielle tilfelle kan skape presedens for de andre 200 hyttene i området. Videre blir det fremhevet at bruk av hjemmekontor er problematisk fordi det kan føre til at vi er mer på gården. Vi antar det er basert på misforståelser når det organ som skal ivareta bygnings- og kulturvern mener at det er et moment å hindre opphold på gården. Våre 12 år med «ferie» på gården har vært så fylt av restaurerings- og vedlikeholdsarbeid at vi knapt har rukket å gå turer i fjellet. Det er ganske urimelig om man mener vi bare skal oppholde oss der når vi restaurerer, og ihvertfall bare bruke ATV-traktor til transport for det formålet. Det beste vern er gjennom bruk, og vi vil gjerne kunne bruke gården mer, slik at vi kan drive landskapspleie på gården og setra.

Vi kjøpte gården ikke bare fordi det er en bit kulturhistorie vi ønsker å ta vare på, men det er også aktiv naturforvaltning og restaurering av kulturlandskapet vi er interessert i. Vi arbeider med kunnskapsbasert natur-restaurering og ser ikke at om vi i den neste 5 års perioden får 40 turer for å få fullført mer av arbeidet ødelegger, men snarer bidrar til å nå nettopp formålet i naturmangfoldsloven (NML). Vi er begge biologer og professorer innen biofag. Sissel var professor også ved Institutt for naturforvaltning ved NMBU, og satt i lovutvalget for som laget NOU 2004:28 Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold; Naturmangfoldsloven.

Vi finner det her på sin plass å poengtere at dette er snakk om en i 2012 helt nedslitt og nedgrodd gård som vi har bokstavelig talt har måttet restaurere fra grunnmur til pipe på de 12 årene vi har hatt gården, og vekstene som hadde overtatt innmarken var to meter høye og intet lys trengte ned til bakken. Det faktum som ikke kommer frem er grunnen til at vi trenger 40 turer, altså mer enn de «200 hyttene» som ikke restaurerer gårder. Dette arbeidet er hittil utført i feriene som vi sprer gjennom året. Fordi håndverkere har fellesferie er det svært nyttig med hjemmekontor for å kunne være til stede på hverdager og frakte disse opp til gården med utstyr og komponenter, ellers kommer de ikke. Vi ser derfor med indignasjon at det underslås gjennom hele saksbehandlingen at vi holder på med *restaurering av gård, uthus, hage* (det er over 100 år gamle rotekter roser og bærbusker) og *innmark*, og at det antydes at vi ikke har forståelse for hva som er verneformål eller verdier.

Heldigvis er det også mye positivt knyttet til vårt arbeid som vi ønsker å fremheve. Vi har fått mye ros og støtte av lokalmiljøet, inklusive kommunen, for arbeidet vårt,

støtte fra Kulturminnerådet, og mange inspirerende ressurspersoner i mange deler av kommunen og regionen som vi er umåtelig takknemlig for³.

2. Hjemmelsgrunnlag

Fordi veien går gjennom både naturreservatet og landskapsvernområdet er det naturlig at disse to forskriftene er tatt i bruk, og som sees i sammenheng. Hva relevansen er for forvaltningsplanen for Reinheimen nasjonalpark er for oss uklart, siden grensen mot den er ca 3 km opp i dalen. Så vidt vi kan se er forvaltningsplanen for Muldalslia ikke noen begrensninger utover det forskriften bestemmer, men legger til rette for vår aktivitet ved å si at «*Det kulturlandskapet landbruket har skapt gjennom fleire hundreår med beite og utmarksslått er ein viktig del av verneformålet*», «*Kulturlandskap med seterbygningane, setervollar og kulturminne er ein del av verneformålet*», «*Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta*». Når det gjelder motorferdsel sies det at «*Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyning skal ikkje skje*». Dette siste er vi også helt enige i.

Det er klart at forskriften for Muldalslia, om enn med betydelig rom for forbedringer, klart gir adgang til dispensasjon av de grunner vi angir. §6 gir anledning til «*arbeider av vesentlig betydning for samfunnet*», og dessuten «*i spesielle tilfelle, dersom det ikkje strir mot formålet med fredninga*». Vi mener at 40 turer med forsiktig kjøring i fra april/mai og til uti november, ikke er i strid med dette. Dette er faktisk grunnen til at vi kan sikre verneverdien i landskapsvernområdet.

Direkte heimla i verneforskrifta er løpande vedlikehald av Finndalsvegen. Vedlikehald av den eksisterande veggen skal skje på ein slik måte at den har samme standard som på vernetidspunktet. Veggen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne samanhengen kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før.

Masseuttak § 3, pkt 1.3 a

Masse til vegvedlikehald kan etter søknad takast i område med godkjente reguleringsplanar ved Measæterøye og i Finna nedafor Lauva sitt utløp. (Jf kart nr 3)

Biologisk mangfald / verdifulle naturtypar

I forvaltningsplan s. 137 er dagens utfordringar bruk, mål og utfordringar knytt til biologisk

mangfald og verdifulle naturtypar omtala, der mellom anna dalbotnen i Finndalen med kroksjøer, flomdammer og meanderande elveparti Nord for Skaihøe, i utkanten av verneområdet er svært verdifulle områder (A-område). For opplysningar om raudlisteartar m.v. blir det vist til Naturbasen. Det står vidare i kap. 9.12.2, at forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar og biologisk mangfald ved prioritering av tilrettelegging og søknader om tiltak i landskapet.

Motorferdsel, Forbod § 3, pkt. 5.1

I Finndalen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfyllt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerna for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Motorferdsel knytt til vedlikehald av vatningsanlegg er vurdert i forvaltningsplan der det står følgjande på s. 133: «**Vedlikehald av vatningsanlegg § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.** Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av motorisert transport og maskinar ved vedlikehald av vatningsanlegg.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

I medhald av Nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljøretslege prinsippa i Nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Vurdering

Verneverdiane i Finndalen landskapsvernområde er knytt til natur- og landskapsverdiar, for å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets eigenart. Omsynet til villrein sitt leveområde er det sentrale i verneføremålet, men også ivaretaking av ein vakker vassdragsnatur.

Vassdragsnaturen er særleg viktig landskapselement i Finndalen, og for det biologiske mangfaldet. Finna og Råkå er også verna vassdrag, der elveløpsformer, geomorfologi, botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet.

Råkå elva sitt utløp i Finna er utforma som eit deltaområde/vifteområde, med fleire elveløp, elvegrenar, sand- og grusøyrrer og vegetasjon. Vassdraget er svært masseførande, og stadig avlagring og flytting av masse har i stor grad forma elvesystemet som eksisterer i dag. Endringar i vassdraget med stor massetransport gjer dette til eit særleg dynamisk område som stadig er i endring, og som er avgjerande for den verdien området har i dag.

Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande anlegg. Inngrep i elvevifta i Råkån, elvekanten på Finna, oppreinsking/uttak av steinmasse i bekkeløpet på Lauva og motorferdsel med gravemaskin i utmark og i vassdraget for å gjennomføre tiltaka er i utgangspunktet forbode etter vernereglane, og det må derfor gjevast dispensasjon for at inngrepet skal være lovleg. Om det kan gjevast dispensasjon må det vurderast ut frå vernereglane og forholda i området.

Forvaltningsplan for Reinheimen manglar tydlege retningslinjer for sikringstiltak mot flaum og erosjon og bruk av gravemaskin i terrenget og vassdraget for oppreinsking og sikringstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom dei omsøkte tiltaka ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro.

Nml § 48 fyrste alternativ dekker også forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Råkån og Finna vassdraget med sidebekkar har til alle tider vore ei utfordring for brukarane i Finndalen. Etter at Finndalsvegen vart bygd har også den vore påverka av både flaum- og nedbørsepisodar. Det har vore gjennomført mange synfaringar i Finndalen der sikring av infrastruktur og verdiar for brukarinteressene har vore på dagsorden. Det vart gjennomført synfaring i samband med dei omsøkte tiltaka med tiltakshavar, entreprenør, kommune og Statskog 28.08.23 og 28.08.24, for å få oversikt og konkretisert tiltaka det er søkt om.

Finndalen er også rik på kulturhistorie og har vore nytta kontinuerleg av folk sidan steinalderen. Seterlandskapet er i dag viktig kulturlandskapselement i verneområdet og det er av stor betydning at setrene haldast i hevd gjennom bruk ved slått og beite. Både tekniske inngrep og attgroing tuer verneverdiane i landskapsvernområdet, så her gjeld det å finne ei god balanse som ikkje gjer nemneverdig skade på landskapet.

Vassdragsnaturen er eit særleg viktig landskapselement i Finndalen, og viktig for det biologiske mangfaldet. Aktive elvemiljø, med kroksjøar og aktive elvevifter gir betydeleg verneverdi. Det er ein rik fauna med sjeldne artar og eit mangfaldig fugleliv pregar området. Finna har også strekningar med gode gyte- og oppvekstområde for fisk.

Kunnskapen om naturverdiar og kulturlandskap i verneområdet er godt dokumentert gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtselsplanarbeidet i området, jf. Nml § 8.

I NGI sin rapport om **«Vurdering av flomfare og erosjon samt forslag til sikringstiltak i Finndalen landskapsvernområde»** (Rapport 2022 NGI) går det fram at dei omsøkte tiltaka samsvarer med det som NGI også har vurdert som aktuelle for gjennomføring. Tiltaka som er skissert i rapporten vil etter NGI sin vurdering ikkje vera i konflikt med verneinteressene, samtidig som dei vil bidra til å halde i hevd aktiviteten i Finndalen. Dei har i hovudsak foreslått å utføre sikringstiltaka med lokale materialar som stein, og tømmer. Det er presisert at alle tiltak i elva som t.d. ved å ta ut grusøre i elva, må planleggast i samråd med biologisk ekspertise for å minimalisere skadeverknader for fisk og anna liv i elva.

Oppreinsking av Lauvbekken etter vårflaum er ikkje omtala i rapporten, men slike uføresette hendingar vil kunne skje med jamne mellomrom, og må handterast som akutt tiltak etter behov.

NGI foreslår også at det blir etablert ein vedlikehaldsplan for området. I kap.6 i rapporten står følgjande: *«Noen av de diskuterte tiltakene vil ikke være permanente, og vil måtte gjentas, særlig etter store flommer. Det vil være nyttig om interessentene i dalen og nasjonalparkstyret, samt eventuelt andre vernemyndigheter, sammen etablerer en vedlikeholdsplan for området og for tiltak som er satt i verk. En slik plan må omhandle hvilken situasjon som tilsier at en kan gjøre nye tiltak, hvor ofte, og hvordan tiltak kan gjennomføres. Det bør klargjøres hva som er vanlig vedlikehold av veien og hvor skillet går til skader etter flomsituasjoner. En slik plan bør si noe om hvilket omfang tiltakene kan ha og hvordan eventuelle skadevirkninger både på land og i vann skal minimaliseres. Relevant ekspertise, f.eks. biologisk og kulturhistorisk, bør involveres i utarbeidelsen av slike planer»*

Forvaltar har vore i kontakt med biologisk ekspertise på ferskvannsøkologi i NINA for å rådføre seg om tiltaka kan gje skadeverknader for fisk og anna liv i elva. I følgje NINA er det særleg gyteområde som kan bli påverka av tilslamming ved graving, som t.d. ved Sterringen. Men på ei anna side er vassdraga og elvene i Finndalen så dynamiske at dei omsøkte tiltaka ikkje vil påverke fisk og anna liv i nemneverdig grad. Vilkår om at forvaltar blir varsla om oppstart for å vera til stade under arbeidet ved Sterringen, vil kunne avbøte på evt. ulemper.

Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som godt og tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

Ut i frå ei samla vurdering, vil dei omsøkte tiltaka samt bruk av gravemaskin i utmarka ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Samla belastning for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §10 og vilkår vil kunne avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Til:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Kopi:

Lom kommune

Statskog

Finndalen Fjellstyre

SØKNAD OM SUPPLERANDE TILTAK I RÅKÅ.

Viser til tidligere sende søknader. Som nemnd der ynskjer vi i tillegg til punkta der å utbetre eit punkt i Råkå mellom sætrene til Hagen og Øvre Bakken. Endringar i elveløpet der trugar nå både Finndalsvegen, Traversbrua og sætrer på Vangen. Problema er raskt aukande, og vil føre til store skader snart om vi ikkje gjer noko. Vi ber derfor om løyve til tiltak her no i haust samtidig med at punkt omtalt i hovudsøknaden blir utbetra.

SITUASJONEN NÅ:



Bilete 1. Utsnitt til neste bilete.



Bilete 2. Omtrentleg oversikt over tiltaket. Råkå endrar seg heile tida. Situasjonen på bakken er difor ikkje heilt som på biletet lenger. Tiltaket må vurderast på staden.

Før gjekk mesteparten av vatnet i eit hovudløp merka med grøn pil på bilete 2.

Mellom Hagensetra og Øvre Bakkensetra har nå elveløpet fylt seg med stein (punkt 1-2 på bilete 2). Steinen tvingar vatnet austover. Ein stor del av vatnet går difor nå i det som før berre var eit lite sideløp – merka med oransje pil på bilete 2.



Bilete 3. Ved punkt 1. Hovudløpet midt i biletet fullt av stein, sideløpet til høgre.



Bilete 4. Ser her korleis hovudløpet har fyllt seg.



Bilete 5. Sett nedover mot punkt 2. Hovudløp i midten, sideløp ut til venstre.



Bilete 6. Sideløpet. Dette var før berre ein liten bekk. No er vassføringa stor og aukande.



Bilete 7. Nedanfor Sveensætra. Ved stor vassføring vil vatnet her fylgje vegen og forårsake skade langt nedover.



Bilete 8. Sjølv ved moderat vassføring er no bekkeløpet fullt. Vatnet byrjar å truge sætrene på Sørstulen.



Bilete 9. Skader mot sæter på Sørstulen.

KONSEKVENNS VED Å IKKJE GJERA NOKO:

Situasjonen vil akselerere; stadig meir vatn vil gå i sideløpet.

- Innerste delen av Finndalsvegen bli øydelagd. Veggen kjem til å bli eit nytt elveløp.
- Traversbrua vil bli undergraven og forsvinne.
- Sæterkve, og etterkvart sæterhus, vil bli øydelagde.

TILTAK:



Bilete 10.

Vi ynskjer å køyre inn med ei stor beltegravemaskin for å gjera tiltak i elveløpet til Rågå. Over ei strekning på ca 120 m (blå strek på bilete 10) ynskjer vi å flytte stein slik at meir av vassføringa blir ført attende til hovudløpet, og mindre til sideløpet. Vi kjem i så fall til å bruke ein erfaren gravemaskinsjåfør som har forståing for denne typen jobbar. Resultatet skal ikkje framstå som ei grøft og ei fylling. Stein skal flyttast og leggjast slik at det ser naturleg ut.

Køyrerute mellom eksisterande veg og tiltaksområde vist med gul strek på bilete 10. Strekninga er ca 250 m. Her er det stort sett tørt terreng, og køyringa kan utførast med lite eller ingen skader på vegetasjon og terreng.

SØKNAD:

Vi ber om å få utføre tiltak som beskrive over. Vi er klar over at tiltak i elvevifta kan vera diskutabelt i forhold til verneformålet. Men konsekvensen av å ikkje gjera dette vil bli store, kostbare og ubøtelege skader på veg, bru og sætrer. Kulturlandskapet og bruken av et er også ein faktor i vernet. Vi vurderar det difor slik at det beste totalt sett er å utføre moderate tiltak i Rågå. Med forsiktig framferd og ein dyktig maskinførar kan dette gjennomførast utan å forringe naturmiljøet. Rågå er ei masseførande elv og er stadig i endring. Vi er klar over at dette tiltaket ikkje løyser problemet til evig tid. Men det vil hjelpe lenge, og så må ein kanskje gjera liknande tiltak om nokre år igjen.

Mvh

Finndalsvegen v/ Hans Jørgen Bøye.



Arkivsaksnummer: 2024/9274-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 15.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	42/2024	23.09.2024

Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - oppføring av tilbygg og restaurering av fiskebu ved Storlusa - 159/1/120 - Kristin Skaansar

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i Finndalen landskapsvernområde §3, pkt. 1.3, c) får Kristin Skaansar dispensasjon til å byggje på eksisterande hytte ved Stor-Lusa, gnr. 159/1, f.nr.120

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Hytta kan utvidast med 1,2 m2 mot aust og 5,4 m2 mot vest, totalt 6,6 m2 som skissert i søknaden.
- Tilbygget skal fundamenterast med mur i naturstein som på eksisterande hytte.
- Hytta vil etter nye tilbygg ha eit totalareal på 21 m2, målt utvendig.
- Tilbygget skal ha same fasade som eksisterande hytte med ståande tømmermannspanel, og beisast med same farge som på eksisterande hytte og utedo.
- Det skal skiftast ut vindauge; vestveggen (90 x 90 cm) og nordveggen (100 x 80 cm). Nytt glas på austveggen (90 x 90 cm) og på sørveggen (80 x 80), Ny dør på sørveggen (80 x 200 cm).
- Takmaterialet skal som på hytta i dag.
- Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og er ikkje tillate.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.2027.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Kristin Skaansar, Lom 26.08.2024


Vedlagte skisser av fasade med mål på vindauge og dører,12.09.24


Saksopplysningar

Søknaden

Kristin Skaansar søker om å bygge på si private fiskebu ved Stor-Lusa (159/1/120) i Finndalen landskapsvernområde. Det er søkt om å bygge på 1,2 m2 mot øst og 5,4 m2 mot vest, totalt 6,6 m2.

Formålet med tilbygget er å forbedre bua slik at det den blir like lang på begge sider av mønet, og penere å se på. Taket skal renoverast slik at det blir noe større takutsikk for å beskytte hyggeveggen. Hytta skal kles med tømmermannspanel som i dag, og med svart A-papp på taket. Det skal settes inn nye glas med sprosser og dørar som vist på vedlagde skisser. Søker skriv at tiltaket er beskjedent, men at påbygget vil gjere bua både meir praktisk i bruk samtidig som den blir penere å sjå på.





Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til

b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.

c) ombyggingar og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande om byggeskikk, nybygg og tilbygg:

Byggeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval

Byggjeteknikk

Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter. For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov. Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).

Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er:

- i sårbare område som snaufjell eller seterområde*
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken*
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggeskikk.*

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggeskikken og skal ikkje vere tillate.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet er sentralt i verneformålet. I tillegg skal vernet ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer samt en særpreget vassdragsnatur. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Innafor Finndalen Ivo finst det eit fåtal bygningar som ikkje høyrer med til ei seter, og det er få bygg som litt på snaufjellet utafor seterområdet.

Søkjaren eig ei privat hytte og naust ved Stor-Lusa, 1019 moh, og er den einaste hytta på snaufjellet innafor Finndalen lvo. Foto under viser hytta slik den er i dag som har eit areal på 14 m². Bruken er knytt til fiske og tradisjonelt enkelt friluftsliv. Til samanlikning i dette område ligg det fleire private Fiskebuer lenger vest ved Honnsjoen, og ei lenger sør ved Vesle Lusa innafor Ottadalen lvo. Buene i dette området er relativt små og sett opp i samband med tradisjonell bruk som jakt og fiske.

I snanufjellet innafor både Ottadalen og Finndalen lvo er det vanskjeleg å gjera greie for ein eins byggeskikk, og reglane i forvaltningsplan legg vekt på at ein skal være restrektiv med utviding og ombygging som fører til bruksendringar. Likevel kan ein sjå at det kan vera behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og praktiske forbetringar, som i dette tilfelle. Søklar har såleis eit akseptert behov for utviding og omsyging etter vernereglane.




Foto: Fiskebua frå sør, Kristine Sørлие 24.08.2017 (merk at utedoen nå har same farge som hytta)

Tilbygget det er søkt om er å bygge ut inngangspartiet mot sør på 1,2 m² og 5,4 m² mot vest. Tiltaket vil kunne forbedre fasaden og harmonere godt med eksisterande bygg. Taket blir også utvida over tilbygget på vestsida, og bygget vil på den måten få ei betre utforming. Utvendig kledning er ståande panel som på eksisterande, og skal i følgje søklar påførast tjærebeis som på eksisterande. Dei 4 nye vindauga som skal settast inn vil vera små som i dag for å tilpassast dei låge dimensjonane på bygget. Omsøkte byggetiltak vil betre fasaden og vil ikkje verke skjemmande i landskapsbilete. Tiltaket vil og kunne gjera hytta meir praktisk, og bruken blir den sammen.

Tilbygget vil ikkje føre til ulempe for verneverdiane og vil ikkje danne kontrast til eksisterande bygg eller verkar skjemmande i landskapet. Ny kledning og takmateriale blir som på eksisterande hytte og utedo.

Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) er godt dokumentert i naturbase, artsdatabase, og gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og kunnskap om bruken. Kartet under viser der hytta er plassert ved nordenden av Stor-Lusa (raud sirkel). Områda kring hytta er kartlagt som viktige funksjonsområder for villrein, der der rosa feltet er kalvings- og oppvekstområde og blå er viktig trekkområde. Det er også kartfesta eit kulturminne mellom hytta og stigen mot Honnsjoen. 60 meter nord for hytta mot stigen ligg ei fangstgrav, og nord for stigen ligger det også noe som ser ut til å være ein hustuft.



Tiltaket på den eksisterande hytta vil ikkje føre til bruksendring eller påverke verneverdiane knytt til villrein eller kulturminner. Arealet på eksisterande hytte er liten, og ei arealutviding til 6,6 m² er beskjeden sjølv om det utgjør over 47 % av eksisterande. Med ei mindre utviding på inntil 30%, ville ein ikkje oppnå tilsvarande praktiske forbedringer og utforming.

Kunnskapsgrunnlaget i området er godt jf. Nml § 8. Førre-var-prinsippet (nml §9) vert ikkje vurdert som nødvendig i denne saka.

Tiltaka er knytt til lokal tradisjonell bruk av området og verknaden på naturmiljøet i området totalt sett vil vera minimal, sjølv om det vil vera behov for nokre ekstra turar med motorferdsel på vinteren for materialtransport. Byggetiltaket er innafør akseptert nivå jf. forvaltningsplanen.

Ut ifrå ei samla vurdering vil utviding og fasadeendring av den private hytta ved Stor-Lusa ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Samla belastning for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §10, og vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.



Arkivsaksnummer: 2024/4894-4

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 16.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	43/2024	23.09.2024

Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - oppsetting av forautomater for fjellrev - Norsk institutt for naturforskning NINA

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Norsk institutt for naturforskning (NINA) dispensasjon til å sette opp inntil 5 fôrautomatar med informasjonsskilt og viltkamera i Reinheimen nasjonalpark.

Tiltaket er positivt da fôring av fjellrev kan bidra til å sikre fast tilhald og auka aktivitet av fjellrev i Reinheimen og til å binde saman dei større fjellrevbestandane Snøhetta/Dovrefjell med Nordfjella/Finse.

Dispensasjon til midlertidige fôringsautomatar for fjellrev vil ikkje stride mot verneformålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan settes opp inntil 5 fôrautomatar bestående av 3 jelsafat, 1-2 lagertønner for tørrfôr, viltkamera og informasjonsskilt som vist i søknaden.
- Fôrautomatane skal plasserast inntil stor stein eller berg slik at dei er minst mogleg synleg i landskapet, og er godt forankra.
- Når tiltaket opphøyrar skal alle tekniske installasjonar fjernast frå verneområdet, og arealet der automatane har stått skal attendeførast.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at fôringsautomatane blir fjerna dersom det er til skade for verneverdiar i området.
- Dispensasjon gjeld for 5 år, f.o.m 2024 t.o.m. 2028, og kan forlengast etter søknad.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at løyve og må avklarast med grunneigar i området.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 - Søknad om oppsett av fôrautomater for fjellrev Reinheimen NINA.pdf

Søknad frå Norsk Institutt for naturforskning (NINA), 04.06.2024

Førebels løyve til NINA, 19.04.2024

Saksopplysningar


Søknaden

NINA søker om å få sette opp inntil fem fôrautomatar for fjellrev, lagertønner og viltkamera i Reinheimen nasjonalpark, som skal stå i inntil 10 år. Kor mange automatar som er aktuelt å sette opp, kjem an på aktiviteten av fjellrev i området. Basert på erfaring så kan tiltaket ha ein tidshorisont på 10-15 år, avhengig av koleis delbestandene og øvrige bestandar i regionen utviklar seg. Alle tekniske installasjonar blir fjerna ved opphøyr av tiltaket og eventuelt påverknad på området der automatane har stått blir attandeført.

Bakgrunn for ønskje om oppsett av fôrautomatar i Reinheimen er håp om at tiltaka skal sikre fast tilhald og auka aktivitet av fjellrev i dette fjellområdet. Reinheimen er eit viktig fjellområde som kan huse ein litt mindre fjellrevbestand som kan bidra til å binde dei større fjellrevbestandane saman (Snøhetta/Dovrefjell med Nordfjella/Finse), og slik bidra til auka binding mellom dei større delbestandane.

Bevaringstiltaka for fjellrev i Noreg er finansiert av Miljødirektoratet, og NINA har i oppdrag å koordinere tiltaka nasjonalt og mellom anna hente inn nødvendige dispensasjonar. Fôrautomatane blir røkta av Statens Naturoppsyn etter gjeldane instruks for oppfølging, med heimel i «Naturoppsynsloven».

Viser til utfyllande informasjon i vedlagde søknad frå NINA.



Teknisk tegning av fôrautomatene, se også foto under.



Fôrautomat, med lagertønne stropet uten på automaten. Viltkamera og informasjonsskilt festet på stolpen. Foto: Per Olav Haugen, SNO

Plassering av fôautomater er unntatt offentlighet. Det ligg derfor ikkjemed kart som viser plassering av fôautomatane i søknaden om dispensasjon.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark (jf. verneforskrift § 2), er mellom anna å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde og eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald og ikkje minst ivareta det sentrale leveområdet til villreinstammen i Ottadalen nord.

Reinheimen nasjonalpark er etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.1 *verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Reinheimen nasjonalpark har ikkje eigne retningslinjer om tiltak knytt til fjellrev, men har generelle formuleringer om at forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar, villrein og raudlista artar, t.d. fuglar, ved søknader om tiltak.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane meneverdige. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.

Vurdering

Reinheimen nasjonalpark er etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.1 verna mot inngrep av alle slag, både varige eller mellombelse innretningar. Plassering av fôautomatar i nasjonalparken for fjellrev er forbode etter denne regelen. Det må derfor gjevast dispensasjon for at plassering av fôautomatar skal være lovleg.

Mellombelse installasjonar som fôautomatar for fjellrev er ikkje spesifisert i verneforskriftene, og tiltaket må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdige, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekkjer forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark (jf. verneforskrift § 2), er mellom anna å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde og eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, der villrein har sitt leveområde i heile verneområde.

Fjellreven er en art som høyrer naturleg til høgfjellsøkosystemet, og tiltak som kan betre forholda for fjellreven i Reinheimen og samtidig bidra til økt forbindelse med dei større fjellrevbestandene i Snøhetta/Dovrefjell med Nordfjella/ Finse er positivt for naturmangfaldet og økosystemet i Reinheimen.

Bevaringstiltak av fjellrev er eit landsomfattande arbeid som finansieres av Miljødirektoratet og koordineres av NINA, og søkjer har akseptert behov for tiltaket.

Det er SNO som skal stå for det praktiske arbeidet med utkøyning, plassering og «røkting» av føringsautomatane, etter gjeldande instruks med heimel i «Naturopsynslova».

Når det gjeld motorferdsel i samband med utplassering og tilsyn så er det generelle forbodet mot motorferdsel i verneforskrifta ikkje til hinder for oppsynsverksemd og gjennomføring av forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta, som i dette tilfelle (verneforskrift § 3, pkt. 6.2 a).

Området som automatane skal settast ut i er i Skjåk Almenning midt i det sentrale leveområde for villreinen og førautomatane ligg nær fjellrevhi. Kartlegging av villreinen sin arealbruk som er gjort i i samband med kvalitetsnormarbeidet viser at området er eit viktig kalvings- og oppvekstområde, og i nærleiken av eit av dei beste vårarbeiteområdene i heile villreinområdet. I følgje kvalitetsnormen er dette området for konkrete kalvingsplassar og vår- og forsommerbeiter for simler med kalv som er viktig at villreinen får utnytta både vår og sommar.

Det er etter kvart lang erfaring frå både Snøhetta/Dovrefjell med Nordfjella/ Finse om støtteføring for fjellrev. Så langt er det ikkje registrert negative hendingar som går ut over andre deler av økosystemet. Både utsetting av fjellrev og støtteføringen har gitt gode resultater for utbredelsen av fjellrev, og er ei suksesshistorie. Førautomatane og kamera i seg sjølv er ikkje ein utfordring for villreinen. Røkting av førautomatane vil kunne ha ein viss verknad på villrein og fjellrev, men ferdselen vil vera minimal, og erfaringsmessig vil ikkje uro knytt til nødvendig tilsyn det vera eit trugsmål for artane.

Kunnskapsgrunlaget, jf. Nml § 8, er tilstrekkelig, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «førevar-prinsippet».

Erfaringane med støtteføring i andre store verneområder med villrein er positive, og etter forvaltar sin vurdering vil tiltaket ha liten negativ påverknad på økosystemet i Reinheimen. Verneområdet vil kunne tole enkeltstående avvik i dette tilfelle, jf. Nml § 10
«Økosystemtilnærming og samlet belastning.»

Ut i frå ei samla vurdering, vil plassering av inntil 5 førautomatar for fjellrev, informasjonsskilt og viltkamera ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.

I søknaden er det informert om at tiltaket har ein tidshorisont på 10-15. For å kunne følgje med på utviklingen av tiltaket og fjellrevbestanden er det etter forvaltar sin vurdering hensiktsmessig å avgrense dispensasjon til inntil 5 år av gongen, for å kunne gjera ny vurdering.

Samla belastning for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, og vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Nasjonalparkstyre for Reinheimen
Postboks 987, 2604 Lillehammer
sfinpost@statsforvalteren.no

Sjåk Bygdealmening
Industriveien 10, 2690 Sjåk
firmapost@sjak-almening.no

Deres ref:
Vår ref: **475.1/2024**
Sted: Trondheim
Dato: 04.06.2024

Søknad om oppsett av fôrautomater for fjellrev, lagertønne og viltkamera i Reinheimen


Viser til samtaler med dere 18. april, knyttet til ønske om så sette opp to fôrautomater knyttet til aktive fjellrevhi i Reinheimen før førefall denne våren, samt deres midlertidige tillatelser. Torsdag 25.04.2024 ble det av SNO satt ut to fôrautomater i området Storskardet i Skjåk kommune. Begge fôrautomatene og "lagertønne" er satt inntil store steiner og festet med vaier (boret inn i stein). De blir i løpet av sommeren malt med grått for å kamuflere dem bedre. I tilknytning til fôrautomater og "lagertønne" er det satt opp en stakk med viltkamra og infoskilt. Se bilder under.

Bakgrunn for ønske om oppsett av fôrautomater i dette området er håp om at tiltakene skal sikre fast tilhold og økt aktivitet av fjellrev i dette fjellområdet. Fjellreven etablerte seg med utspring i bestanden på Snøhetta og første yngling i nyere tid ble registrert i 2014. Som figuren under viser har fjellreven hatt fast tilhold her siden da. Reinheimen er et viktig fjellområde som kan huse en litt mindre fjellrevbestand som kan bidra til å binde de større fjellrevbestandene sammen (Snøhetta/Dovrefjell med Nordfjella/Finse), og slik bidra til økt konektivitet mellom de større delbestandene. Vi har dokumentert flere tilfeller av fjellrever som har vandret mellom disse fjellområdene og det er all grunn til å tro at det finnes mange egne hilokaliteter for fjellrev på akse mellom Snøhetta/Dovrefjell med Nordfjella/Finse, noe det er lite kunnskap om pga. manglende kartlegging.

Vi søker om oppsett av inntil fem fôrautomater i Reinheimen nasjonalpark, med en varighet av inntil 10 år. To automater er som nevnt allerede satt opp, men det kan være aktuelt å sette opp flere ved økende aktivitet av fjellrev. Basert på erfaring så kan tiltaket ha en tidshorison på 10-15 år, avhengig av hvordan denne delbestanden og øvrige bestander i regionen utvikler seg. Alle tekniske installasjoner fjernes ved opphør av tiltaket og eventuelt påvirkning av omgivelsene rundt tilbakeføres.

Fôrautomatene består av tre jelsafat, (et liggende og to stående, se illustrasjon under) som er koplet sammen. Inngangen er et 150 mm rør som begrenser rødreven og andre åtselers muligheter for å benytte seg av fôret. Det settes opp 1-2 lagertønner i umiddelbar nærhet der tørrfôr kan lagres for påfylling til fots sommerstid, f.eks. slik som gjort i Reinheimen, stropet sammen med fôrautomaten (se bilde under). Fôrautomaten forankres i nærliggende stein/fastgrunn. Etter flere års erfaring har vi kommet til at det er best å bore ned forankring i fjell og feste tønnene med vaier og jekkestropper, eventuelt supplert av noe stein i inngangspartiene for å beskytte mot vær og vind. Tønnene kan kamufleres etter bakgrunnen dersom det er ønskelig/behov, men det slites fort av så vi har ikke så all verden god erfaring med dette.

Fôrautomatene og lagertønner settes som regel opp i tilknytning til kjente fjellrevhi med aktivitet, ikke på selve hilokaliteten, men på egnet sted 150-300 m fra hiet (max 500 m). UTM posisjoner legges inn i forlogg [Fôrlogg \(nina.no\)](https://nina.no) (den digitale plattformen for tilsyn med fôrautomatene) og rapporteres til forvaltningsmyndighetene og grunneier etter at utstyret er satt opp hvis ønskelig, men merk at alle posisjoner knytt til fjellrev er unntatt offentlighet. Derfor legges ingen posisjoner eller kart ved denne søknaden. Når det gjelder eventuelt oppsett av ytterligere fôrautomater vil det avklares med dere før det iverksettes.




Teknisk tegning av fôrautomatene, se også foto under.



En av de oppsatte fôrautomatene i Reinheimen, med lagertønne stropet uten på automaten. Viltkamera og informasjonsskilt festet på stolpen. Foto: Per Olav Haugen, SNO

Det settes også opp et viltkamera i tilknytning til fôrautomaten. Dette for at SNO skal ha tilsyn med tiltaket og for å dokumentere fjellrevens etablering og bruk av automatene. Viltkameramaterialet har også verdi med tanke på å evaluere effekten av tiltakene. I Reinheimen ble kamera midlertidig satt på påle festet til selve fôrautomaten. Det er ønskelig at dette i løpet av sommeren flyttes ut på en stolpe med litt avstand fra fôrautomaten, ca. 5 meter, det også aller helst i tilknytning til en stein, slik at det ikke blir så lett synlig. Bildene gir oss kunnskap om forekomst av andre (konkurrerende) arter i fjellområdet. Selv om de ikke kan benytte seg av fôrautomatene, er det gjerne et område som oppsøkes for «utsjekk».



Figur. Antall kontrollerte hi (høyre akse), antall hi med vinteraktivitet og antall ynglinger av fjellrev i Reinheimen i perioden 2009–2023 (venstre akse). Merk at aktivitet av rødrev bare er aktivitet registrert ved kontroll av fjellrevhi. Se detaljer i den siste årsrapporten fra [overvåkingsprogrammet på fjellrev](#). (Ulvund mfl. 2023).

Bevaringstiltakene på fjellrev i Norge er finansiert av Miljødirektoratet. NINA har i oppdrag å koordinere tiltakene nasjonalt, sørge for alt utstyr og blant annet hente inn nødvendige dispensasjoner. Fôrautomatene røktes av Statens Naturoppsyn etter gjeldene instruks for oppfølging, hjemlet i «Naturoppsynsloven». Litt avhengig av aktivitet ved fôrautomatene vil det være behov for oppfølging ca. annenhver måned. Tørrfôr for hund fra Troll benyttes i alle fôrautomatene. Alle besøk og påfylling av fôrautomatene loggføres i Forlogg ([Innlogging - Fôrlogg \(nina.no\)](#)), slik at statistikk på bruk kan tas ut. Her kan alltid også hentes ut en oversikt over det tekniske utstyret, og deres eksakte UTM posisjoner mm.

Ta kontakt om ytterlige opplysninger trengs for behandling av søknaden.

Annen informasjon om tiltakene for å bevare fjellreven

Vi er ellers positive til å bidra til informasjon om prosjektet i tilknytning til Nasjonalparksenteret i Lom. Det kan også være aktuelt å gå ut med en generell oppfordring til hensynsfull ferdsel knytt til fjellreven. Det finnes allerede et faktaark [Faktaark om forstyrrelse av fjellrev - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#) som omhandler dette. Vi vet også at søppel/matrester/kadaver kan trekke rødreven opp i fjellet hvis det blir så mye av det at arten kan få fast tilhold. For å minimere denne type påvirkning kan det f.eks. være aktuelt å gå ut med oppfordring om å ikke etterlate matrester utenfor hytteveggen, eller legge igjen småfisk ved isfiske på de høyereliggende vanna.

Med vennlig hilsen

Nina E. Eide

Seniorforsker

Norsk institutt for naturforskning - NINA

73 80 14 00 • 95 70 43 83 • www.nina.no

Kopi sendt til:

Miljødirektoratet	post@miljodir.no
Statens naturoppsyn	tord.bretten@miljodir.no , per.olav.haugen@miljodir.no
Sjåk kommune	post@skjaak.kommune.no



Arkivsaksnummer: 2024/7916-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	44/2024	23.09.2024

Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - helikopter - oppgradering av dammen til nye Verma kraftverk - Langvatnet - Rauma Energi Produksjon AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfoldsloven § 48 og verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3 punkt 6.3 c), får Rauma Energi Produksjon AS dispensasjon til å støype brystning, bore fjellboltar og reparere betong ved damanlegget på vestenden av Langvatnet og til å fly inn materialar og utstyr i samband med dette.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:


- Dispensasjonen gjeld for inntil 30 nødvendige turar og landingar med helikopter for 2025.
- Det kan støypast inntil 40 cm høgde på eksisterande brystning jmf. teikning i saksutgreiinga. Brystninga skal ikkje overstige totalt 90 cm høgde.
- Drivstoff og ev. olje/kjemikalier skal oppbevarast på fast dekke og i doble fat, slik at volumet kan samlast opp ved lekkasje. Desse skal kun lagrast på areal avsett til rigg og drivstoffylling skal kun skje her (jmf. bilde 4 i saksutgreiinga). Oljeabsorberande materiale skal være tilgjengeleg i tilfelle uhell oppstår.
- Anleggsområdet skal haldast ryddig og det skal tas førehandsreglar for å hindre spreiring av avfall.
- Om det blir sår i terrenget og i vegetasjonen, skal dette revegeterast innan frist for opprydding.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er sett til 15.10.2025.
- SNO skal varslast på SMS (tlf.: 915 47 617), dagen før arbeidet startar med helikoptertransport.
- Forvaltninga kan i ettertid sette krav om landskapspleie (eks. naturstein på brystninga), om det viser seg at landskapsbiletet er blitt sterkt forringa som følge av tiltaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Rauma Energi Produksjon AS på E-post 08.05.2024.

Saksopplysningar



Figur 1: Kart som syner demninga i vestenden av Langvatnet. Det grøne arealet er innafør Reinheimen nasjonalpark.

Søknaden

Det vil gjøres tiltak på eksisterende demning, i vestenden av Langvatnet. Det er her i dag en demningskonstruksjon som hindrer vannet å renne ned mot vest. I tillegg er det to flomterskler.

Eksisterende dam vil utbedres med at det støpes på brystning. Før brystning støpes skal det etableres fjellbolter (Ø25c500) som bores fra damkrone gjennom eksisterende damplate og 3,5 meter inn i berg. Drenasjehull etableres gjennom fuger nederst i nedstrøms mur med senteravstand ca. 1,0 m. I dammens hovedoverløp skal det etableres Ø25c500 fjellbolter for å oppnå tilfredsstillende sikkerhet mot velting og glidning. Det skal utføres understøping av stein med manglende fjellkontakt i damtå. Nødvendige betongreparasjoner vil bli utført i løpet av rehabiliteringen. Eksisterende bunntappeluke skal erstattes med ny. Nytt manuelt opptrekk og enkelt lukehus skal etableres.

Det skal ikke gjøres tiltak på flomterskler.

Adkomst av personell vil skje fra øst, E136 i Romsdalen via anleggsvegen til inntaksdam Verma kraftverk og videre opp til østenden av Langvatnet. Herfra må personell gå omtrent 3 km til dammen. For inntransport av materialer og utstyr er det planlagt helikoptertransport.

Helikoptertransport:

- Det planlegges helikoptertransport for å fly inn materiale og utstyr.*
- Helikoptertransport vil skje fra Slettevikan, ved Fv. 63 (Isterdalsvegen). Strekning helikoptertransport blir omtrent 9 km i luftlinje.*
- Det antas at det til sammen vil foregå 25-30 turer med helikopter.*
- Det vil være mest behov for helikoptertur i starten av anleggsarbeidet, men også underveis om mot slutten.*

Tidspunkt for arbeidet

Arbeidet er planlagt sommer-høst 2025.

Det kan forekomme mindre endringer på tidspunkt for arbeidet. Dette vi i så fall informeres om.

Planlagte avbøtende tiltak (beskrevet i detaljplan for miljø og landskap):

I anleggsperioden skal det settes opp informasjonsskilt om at arbeid pågår. Dette settes på start av sti, både i øst og vest. Det bør informeres til jaktlag, beitelag ol. i området om når arbeid vil pågå. Anleggsområdet sikres om dette vurderes som hensiktsmessig.

Riggområder som blir midlertidig berørt, skal legges til rette for naturlig revegetering. Dersom det blir sår i terrenget/vegetasjonen skal dette tilordnes når arbeidet er ferdig.

Drivstoff og ev. olje/kjemikalier skal oppbevares på fast dekke og i doble fat, slik at volumet kan samles opp dersom det oppstår lekkasje. Disse skal kun lagres på areal avsatt til rigg. Drivstoffylling skal også kun skje her.


Entreprenør skal utarbeide beredskapsplan for håndtering av ev. uhellsutslipp til vann og grunn.

Oljeabsorberende materiale skal være tilgjengelig i tilfelle uhell oppstår. Brukt oljeabsorberende materiale skal håndteres som farlig avfall.

Kloakk og gråvann fra rigg samles i tett tank og fraktes ut av området for levering til godkjent mottak.

Anleggsområdet skal holdes ryddig og det skal tas forholdsregler for å hindre spredning av avfall.

Maskiner og utstyr som skal benyttes i vann skal være rengjort med desinfeksjonsmiddel (for eksempel Virkon-S) eller være tørket i minst tre dager etter bruk i andre vassdrag. Det samme gjelder hvis maskiner og utstyr flyttes innad i vassdraget. Entreprenør skal innarbeide dette i sine rutiner.



Bilde 2: Kart som syner tiltaksområdet.



Bilde 3. Bildet viser eksisterende dam




Bilde 4. Viser rigg- og arbeidsområde.

Forvaltar ba prosjektleiar Knut Peder Voldseth for å få meir informasjon om tiltaket.


E-post datert 13.09.24 frå Knut Peder Voldseth:

Viser til samtale i dag, og sender noen flere bilder av dammen, som avtalt.

Skjerpede myndighetskrav og forventning om større flommer i framtida gjør at det er nødvendig med tiltak for å rehabilitere mange eksisterende kraftverksdammer, for å oppfylle kravene til damsikkerhet. I tillegg til planene for Dam Langvatnet, har Rauma Energi Produksjon nylig rehabilitert dammen på Berildvatnet (som ble bygget i 1999), og vi skal også bygge om dammen i Sjøbolet (Berild kraftverk), etter revurdering mot eksisterende krav. Tiltakene er det vi som kraftverkseier som har ansvar for å sørge for.



Figur 5. Viser arbeidstekningar



Figur 6. Viser dimensjonane på ny støyping på brystinga (merka raudt).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Trollstigen Ivo, 24.11.2006
- Forskrift for Reinheimen NP 24.11.2006.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

1

1.1: Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

Bruk av helikopter:

Motorferdsel og lågtflyging under 300 meter er forbode i Reinheimen nasjonalpark, jf. § 3, pkt. 6.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til definerte motorferdseltiltak, jf. § 3,

6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

c) Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar og drift av kraftanlegg.

Trollstigen landskapsvernområde

§3 Vernereglar

5.1. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

5.2. Reglane i punkt 5.1. er **ikkje til hinder for**:

d) Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, m.a. anleggsvegar, luker og dammar.

Forvaltningsplan

Damanlegget ved Langvatnet er nemdt i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde: s 102.

7.9 Kraftanlegg 7.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I Vermedalen er både Vermevatnet og Langvatnet regulert gjennom kraftutbygging. I tillegg er det grave kanalar på Reset for å overføre meir av vatnet til Vermedalen. I tilknytning til dette er det mellom anna både dammar, luker og bygningar innafor området.

Nye anlegg § 3, pkt 1.1, 1.3, q. Det er ikkje opna for bygging av kraftverk eller delar av slike anlegg innafor landskapsvernområdet. Etter søknad kan det likevel opnast for framføring av nye kraftliner.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, f. Anlegg i tilknytning til vassdragsreguleringar i Vermevatnet og Langvatnet og andre eksisterande anlegg i samband med vasskraftreguleringa kan vedlikehaldast til den standard som var på vernetidspunktet.

Opprustning § 3, pkt 1.2, h, 1.3, p. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til mindre opprustingar på dei eksisterande anlegga der dei ligg i dag. Ein kan ikkje gje løyve til flytting av inntaksdamm, nye overføringskanalar, nye vegar eller andre tekniske inngrep i samband med desse anlegga. Eventuelle vedlikehald/opprustingar på eksisterande anlegg skal ikkje medføre at anlegga blir meir eksponerte i landskapet.

Naturmangfaldlova

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det er i verneforskrift og i forvaltingsplanen ikkje tatt høgde for opprusting og vedlikehald av damanlegg med demning i Reinheimen Nasjonalpark. Langvatnet er ein del av reguleringsmagasinet til Verma kraftverk, som i tillegg til Langvatnet også har Vermevatnet. Heile Vermevatnet ligg utanfor nasjonalparken, mens for Langvatnet, går grensa til nasjonalparken tvers over vatnet, slik at vestenden med demning ligg innafør nasjonalparken. I verneforskrift for Romsdalen Ivo, som omfattar delar av Langvatnet og heile Vermevatnet, er vernereglane i § 3 ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. I forvaltningsplanen til Romsdalen Ivo står dette: *Anlegg i tilknytning til vassdragsreguleringar i Vermevatnet og Langvatnet og andre eksisterande anlegg i samband med vasskraftreguleringa kan vedlikehaldast til den standard som var på vernetidspunktet.*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til mindre opprustingar på dei eksisterande anlegga der dei ligg i dag. Ein kan ikkje gje løyve til flytting av inntaksdammar, nye overføringskanalar, nye vegar eller andre tekniske inngrep i samband med desse anlegga. Eventuelle vedlikehald/opprustingar på eksisterande anlegg skal ikkje medføre at anlegga blir meir eksponerte i landskapet.

For motorisert ferdsel er det i Reinheimen nasjonalpark opna for å kunne gje løyve til motorisert lufttransport i samband med drift av kraftanlegg. I Trollstigen Ivo og i Romsdalen Ivo er ikkje vernereglane til hinder for motorisert ferdsel i samband *med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, m.a. anleggsvegar, luker og dammar.*

Då det ikkje er heimel i verneforskrifta for Reinheimen NP til sjølve tiltaket på demninga må denne søknaden handsamast etter dispensasjonsbestemmelsane i § 48 i naturmangfoldloven.

Naturmangfoldloven (nml) § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som "ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig". Begge vilkår må være oppfylt. Sjølv om vilkåra er oppfylt, er det ingen som har krav på dispensasjon. Forskrifta kan ikkje nyttast for å utvide den ramma som er gitt i vernevedtaket, men skal vere ein trygginguventil for tiltak som ikkje kunne føreseiast eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Vurderingen av miljørettsprinsippene (§§ 8- 12 i nml, kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnadar ved miljøforringelse samt miljøforsvarlege teknikk og driftsmetodar) er ein del av vurderinga på om vilkåra i den aktuelle dispensasjonsbestemmelsen er oppfylt.

Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar i området. Kunnskapsgrunnlaget (nml. § 8) om verneverdiane vurderast difor å være tilstrekkeleg og vi treng ikkje å ta i bruk § 9 (føre-var-prinsippet).

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samla belastning" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Det er kun ein demning i nasjonalparken så dette tiltaket vil ikkje skape uheldig presedens eller ein negativ samla belastning for verneområdet. Det er satt vilkår om byggeprosess og SNO vil kunne kontrollere opprydding av tiltaket jmf. § 11 (kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar). Helikopter er føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet i dette tilfelle jmf. (§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode).

Føremålet med dette tiltaket er å forsterke ein gammal demning som allereie ligg der. Tiltaket er nødvendig for at Rauma energi skal kunne tilfredsstillere nye krav for å tole kraftigare flommar mht. klimaendringane. Då forstyrninga av tiltaket er forbigåande og med dei vilkår som er sett, vil ikkje tiltaket stri mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Nytteverdien ved tiltaket vil være større enn ulempene.



Arkivsaksnummer: 2024/6852-5

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	45/2024	23.09.2024

Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - siktutbedring ved planovergang Myrabølykkja - Raumabanen - Bane NOR

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3. pkt. 1.3. m) får Bane NOR dispensasjon til å fjerne masse for å utføre siktutbetrande tiltak med gravemaskin ved planovergangen ved Myrabølykkja.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal kun takast ut masse i merka område vist til i søknaden og bilete under:



- Det skal ikkje takast ut meir masse enn det som er nødvendig i henhold til gjeldande krav for sikt ved planovergangar.
- Torva skal løftast til side og brukes til å revegere området der det er tatt ut masse.
- Fremmedartar skal fjernast frå området og takast hand om på godkjent mottak.
- Massen skal takast hand om og plasserast på godkjent areal utanfor verneområde.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen lvo. SNO–Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vi gjer merksam på at tiltaket må avklarast med grunneigar og kommunen.

Dokument i saka

- Søknad frå Bane NOR på e-post 30.08.2024.

Saksopplysningar

E-post 30.08.24

Viser til møte 27.08.24. Vedlagt ligger revidert søknad for tiltak ved Myrabølykkja med utfyllende bakgrunn for tiltaket.

Til orientering har Bane NOR pr dags dato ikke planer om flere tiltak med siktutbedring av planoverganger som berører verneområdet, men jobber kontinuerlig med vurdering av sikkerheten på planovergangene. Hvis det kommer flere tiltak vil dette bli søkt om på et senere tidspunkt

Søknaden

Bakgrunn

Planoverganger representerer ca. en tredjedel av dødsrisiko knyttet til jernbanetraffikk. Stengning og sikring av planoverganger er av den grunn en av Bane NORs viktigste satsningsområder for økt sikkerhet. Ikke alle planoverganger kan legges ned. Noen må sikres med sikringsanlegg der det ikke er mulig å etablere planskilt kryssing, andre må utbedres midlertidig for å oppfylle krav iht. teknisk regelverk før en evt. nedleggelse. Midlertidige utbedringer iht. teknisk regelverk omfatter oftest justering av veg geometri for vegen som krysser jernbanelinjen, og siktutbedring for kryssende kjøretøy som kjører over planovergangen. For å oppfylle siktkrav måles sikten en gitt avstand fra banen i en gitt høyde over vegen iht. hastighet for togene på stedet, samt dimensjonerende kjøretøy som bruker planovergangen. Sikt utbedres for at kjøretøy som bruker planovergangen skal kunne se togene som kommer langs banen i tilstrekkelig tid for å kunne vurdere om man kan kjøre over banen. Usikrede planoverganger som ikke oppfyller krav iht. teknisk regelverk har i dag ringerutine eller nedsatt hastighet. Ringerutine vil si at bruker av planovergangen må ringe inn til togleder eller Txp å spørre om lov til å krysse jernbanelinjen. Planovergang med ringerutine utgjør en sikkerhetsrisiko da Bane NOR ikke har oversikt over om brukerne ringer hver gang de skal krysse jernbanelinjen. Tiltaket det søkes om i denne søknaden har ringerutine og har ikke tilstrekkelig sikt eller veg geometri for større kjøretøy iht. teknisk regelverk.


Det er vurdert etablering av sikringsanlegg, men sammenlignet med siktryddingskostnaden, spesielt med tanke på den lave trafikkmengden over planovergangen, gjør at investeringskostnaden av et slikt anlegg ikke kan forsvares. Man ønsker i stedet å utbedre sikt og veg geometri slik at det er tilstrekkelig iht. teknisk regelverk som et midlertidig tiltak og på sikt sanere planovergangen.

2 Søknad om dispensasjon fra § 3 i "Forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 2. Vern av Romsdalen landskapsvernområde, Norddal og Rauma kommunar, Møre og Romsdal."


Tiltaket omfatter utslakking av skråninger og terreng innenfor jernbanens siktsone, samt utbedring av krysningsvinkelen på planovergangen som vist i utklipp fra plantegning nedenfor. Omfang på masseuttak er ca. 530 m³. Det vurdert å være løsmasser i området, men hvis man påtreffer fjell må det påregnes sprenging.




Figur 1: Bilde viser behov for masseuttak i siktzone. Vist med skravur og piler i bilde.




Figur 2: Bildet viser hvor tiltaket ligger i forhold til landskapsvernområdet



Figur 3: Viser omfanget av masseuttaket



Figur 4



Figur 5: Figur 4 og 5 viser at jernbanen går langs grensa til Romsdalen Ivo (stipla grønt) og at deler av masseuttaket skjer utanfor verneområdet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneformål – forskrift

§ 2. Formål

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellssidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

m.) Omlegging og opprusting av jernbane, riksveg/europaveg, og teleinstallasjonar, samt annan infrastruktur i sone B.

Forvaltningsplan

Jernbane og europaveg § 3, pkt 1.3, m)

Jernbana og europavegen må følgje eksisterande trasé gjennom landskapsvernområdet. Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstille krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillatast etter søknad. Det er spesielt viktig at ein tek omsyn til elveløpet og bevaring av dette jfr. verneformålet i sone B, og til at område utan større tekniske inngrep skal bli skjerma mot nye utbyggingar. Rydding av skog og annan vegetasjon som er nødvendig ved planovergangane langs bane kan skje som løpande vedlikehald av eksisterande bane slik at standard og det tryggleiksnivå som gjeld i dag kan oppretthaldast.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørechtslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf.

Vurdering

Stenging og sikring av planovergangar er eit av Bane NORs viktigaste satsingsområde for auka tryggleik, sidan overgangane representera ca. ein tredel av dødsrisiko knytt til jernbanetrafiikk. I fylgje Bane NOR er ikkje sikkerheitskrava tilfredsstillande gjeldande sikt ved planovergangen ved Myrabølykkja.

I krav TRV:04389 står det slik: *a) Vegetasjon (trær, busker, greiner, høyt gress o.l.), brøytekanter, hensatt materiell og annet som kan være til hinder for sikten, skal fjernes slik at førere av kjøretøyet som harstanset foran overgangen, kan se så langt langs jernbanen at en krysning kan foretas uten fare.*

Usikra planovergangar som ikkje oppfyller krav i høve til teknisk regelverk, har i dag ringerutine eller nedsatt fart. Ringerutine vil seie at brukaren av planovergangen må ringe inn til togleiar for å spørje om lov til å krysse jernbanelinja. Planovergang med ringerutine utgjør ein tryggleiksrisiko sidan Bane NOR ikkje har oversikt over om brukarane ringer kvar gong dei skal krysse jernbanelinja. Tiltaket det vert søkt om i denne søknaden, har ringerutine og har ikkje tilstrekkeleg sikt eller veggeometri for større køyretøy i høve til teknisk regelverk.

Forvaltar ba om eit møte med Bane NOR for å høyre om alternativ til å rydde terreng på Myrabølykkja og å høyre om det er planlagt fleire inngrep ved planovergangar i verneområdet. Det vart gjennomført eit teamsmøte 27.08.24 med Bane NOR.

Bane NOR har vurdert å etablere sikringsanlegg, men samanlikna med siktryddingskostnaden, spesielt med tanke på den låge trafikkmengda over planovergangen, gjer at investeringskostnaden for eit slikt anlegg ikkje kan forsvarast. Ein ønskjer i staden å utbetre sikt og veggeometri slik at det er tilstrekkeleg i høve til teknisk regelverk som eit mellombels tiltak, og på sikt sanere planovergangen. Dei orienterte og om at det pr dags dato ikkje er planar om fleire siktutbetringstiltak av planovergangar i Romsdalen Ivo.

I forvaltningsplana står det: *Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstille krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillatast etter søknad.* Da tiltaket er nødvendig for å tilfredsstille dagens krav til sikt, har Nasjonalparkstyret heimel til å gje løyve til tiltaket etter søknad.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) vurderast til å vera tilstrekkeleg. Tiltaket som det søkes om er av et visst omfang men vil ikkje ha nokon særleg innverknad på naturmiljøet. Dette er i kanten av veg og jernbane som allereie er prega av inngrep. Tiltaket ligg på grensa av verneområdet og delar av masseuttaket ligg også utanfor verneområdet. Det er vurdert til at inngrepet ikkje vil øydelegge for landskapsbilete. Det er gjennom naturbase og kunnskapsrapportar god oversikt over naturverdiar og det er ikkje registrert viktige naturverdiar i massen som skal fjernast. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), har omsøkt tiltak eit avgrensa omfang og vil ha liten påverknad for den samla belastninga på verneområdet.

§ 11, Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12, Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar, er vurdert til ikkje å vere relevant.

Ut i frå ei totalvurdering vil ikkje dette tiltaket ha nemneverdig innverknad for verneverdiane i Romsdalen landskapsvernområde. Tiltaket er av sikkerheitsmessige omsyn positivt og fordelane er større enn ulempene ved tiltaket.

ST 46/2024 Orienteringar